

Sandsøy Mølle

- vist på folkefesten 17. mai 2023





- For vel 100 år sidan var det ca 70 huslydar på Sandsøya med rundt 400 innbyggjarar.
- Alle budde på ein gard, eller hadde ein jordlapp der dei kunne fø nokre dyr.
- Det meste av tida gjekk med til å dyrke jorda og hauste mat til folk og fór til dyra. Alle måtte bidra, gjerne tre generasjonar på kvar gard.
- Slik var dei stort sett sjølvforsynte med mat.



- På dei fleste gardane var det ein som var eigar eller medeigar i ein fiskebåt.
- Fisk var ein viktig del av kosthaldet, og det var fisket som kunne gi dei nokre kroner i inntekt.
- Fram til rundt 1900 var det åpne båtar med kun segl som framdrift.
- I åra før 1900 var rundt 25 båtar frå Sandsøya innmelde til fiskerioppsynet.



- Det var eit slit heile året å skaffe til veges mat og fôr til dyr, og brensle til varme og matlaging.
- Fisken måtte saltast eller tørkast.
- Dyra måtte gå i utmarka og beite, for alt gras på innmarka måtte bergast og og brukast til fôr om vinteren.
- Tare vart skoren i fjøra og langs skjera, tørka og brend til oske. Oska vart seld til oppkjøparar og brukt til bl.a. produksjon av jod. Prisen er nemnd til 4 øre per kilo for oska.

Gerhard Bringsvor:

Torvspadinga starta så snart kornet og potetene var komne i jorda.

Vi tok til kl 6 om morgonen og heldt på til kl 9 om kvelden, med opphald til middag og non.

Det var to mann som spadde, ein gutunge som køyrde og eit kvinnfolk som la ut over.

Maten var ei spann havregraut og ei spann skjør, og alle åt av same spanna.





- Mjøl vart brukt til graut (gjerne til fleire måltid om dagen), til brød og kaker og flatbrød.
- For å lage mjøl trong dei korn.
- Alle gardar dyrka korn, og den samla kornmengda på Sandsøya kunne kome opp i 80 tonn i året.
- På biletet ser vi kornband som vert lasta på hestevogna for å bergast i hus.



- Sandsøya hadde det meste ein trong; gode åkrar, gode beiteområde, gode torvmyrer, mykje tare, god tilgang til fisk osv.

- Men dei mangla ei god elv som kunne drive ei kvern/mølle.

- Difor var det mange som reiste til Brandal med kornet sitt.

I Brandalselva var det fleire kvernhus der dei kunne få malt kornet til mjøl.



Kvernhus ved Brandalselva.

Truleg Lida-Johannes sitt kvernhus.

Her var det fleire frå Sandsøya som fekk malt kornet sitt år etter år.



Børevatnet som Brandalselva kjem frå.

I tidlegare tider var det kvernhus nærast på kvar gard også på Sandsøya.

Ved Vågselva sto det to og i Hellandsvågane kunne ein sjå restar etter kvernhus. Dette skriv Ingvald Bringsvor i eit hefte han har skrive om Sandsøy Mølle.

Problemet med desse små kvernene var at kvaliteten på mjølet var dårleg. Staten gav difor lån til nye kverner. Dette var nok årsaka til at sandsøyingane tok til å tenkje på ei felles kvern for heile Sandsøya.



På eit «massemøte høsten 1915 i Søndre Sandsø Skolehus fremkom forslag om anskaffelse av en mølle for Sandsøen. Forslaget vant stor tilslutning. Til at fremkomme med Anlegs- og Driftsomkostninger blev valgt en Kommitte bestående af 5 medlemmer. Valgt blev Jakob Skare, Johan Bringsvor, Ditlef Bringsvor, Kornelius Våge og Sevrin S. Støle»

Den 14.oktober 1916 garanterte Sande Kommune for eit lån frå staten på kr 7.350. Same dagen møttest grunneigarane på Langeneset. Dei gav fri grunn til tomt og veg med atterhald om at dersom huset vart «*ubrukelig i nogetsomhelst øyemed eller blir jevnet med jorden, falder det her beskrevne areal tilbake til eierne*».



Komiteen la fram ei innstilling i tre alternativ på eit seinare «massemøte»:

1. Ei komplett mølle for maling av korn med to kverner, skaling, sikting og havregryntilvirking vil forutan bygning koste om lag 24000 kr.
2. Maling med to kverner, skaling og havregryntilvirking i likheit med Ulstein Mølle, om lag 10000 kr.
3. Ei kvern og ein 8Hk motor, 3000 kr.

Ein rekna med at investeringa ville vere inntent på 17 år.

Komiteen tilrådte det alternativ 3. Dette vart også vedteke av dei frammøtte.

Til å utarbeide teikningar, medlemslister og forslag til lover vart valt Ole Follestad, Jakob Sande og Johan Vaage.



Det første styret:

Ditlef Bringsvor 1880 – 1946

Karl E. Vorren 1870 – 1953

Jakob Skare 1872 – 1936

Elias Sandsbakke 1854 – 1936

Kornelius Våge 1874 – 1944

Vara:

Adolf Støyle 1879 – 1933

Severin Haugen 1874 – 1958

Peter A Sande 1874 - 1941

Byggekomite:

Ditlef Bringsvor 1880 - 1946

Anders Bringsvor 1879 -1959

Johan Bringsvor 1883 – 1964

Abraham Sande 1860 – 1937

Severin Støle 1864 - 1947

Ditlef Jakobson Bringsvor

1/12 1880 – 25/10 1946

Ditlef kjøpte «Reidet» i 1909 frå Karl Eliassen Vorren for 1.500 kroner.

Ditlef bygde nytt stovehus i 1906 og løe i 1910.

Han var bygningsmann, dreiv husbygging her omkring, og var mellom anna med på å byggje Åram kyrkje.



Ditlef var ein pådrivar i mange større prosjekt på Sandsøya, blant anna ved planlegging og bygging av mølla.

Han var også ein svært sentral person ved bygging av ungdomshuset Dollstun.

På styremøte 5.november 1916 vart Johan Strømsnes tilsett som møllar. Han vart pålagt å reise til Folkestad for «*at sette seg grundigt ind i malingsforholdene*». Løna var 60 øre timen.



Sandvigen's Byggeselskab

Indtækt Udgift

1916.		Rik.		
Mai	8	Modtagelse fra Karl & Torsten som indbetalt D. løg af 47 And		
		- Lemmer à 10.00	1	470.00
Juni	15	- Lån af Sparebanken	2	1200.00
		Detalt Sparebanken renter til 15/12	2	30.00
	29	- Dittet Dringevær af Rækk	3	853.58.
		- D. D. af Rækk	4	28.67.
		- Skatte for nævnt af Rækk	5	481.65.
		+ Porto for disse Sandtæke		0 45.
Septbr	1	Modtagelse af Sparebanken i det nye lån		
		ved anv. fra det Kreditbank	6	2000.00
	2	- Bidrag fra Ande H. Kender	7	10.00
	8	- videre for lån af Sparebanken	8	1000.00
		Detalt Sparebanken renter for 1000.00		
		til 15/12	8	14.59.
		- Præmie for Materialer		
		af 2 Rækkinger 90.71 + 1015.75	9	1106.46.
		+ Porto for disse Sandtæke		0 70.
		11. Sandtæke Næstveds Kreditbank		
		Lån til betaling af Motorm	10	2000.00
		+ Porto herfor		0 20
				4680.00
				4576.20


- Det vart ein diskusjon om fordeling av kostnadane på dei som hadde teikna seg på lista.
- Nokre ville betale etter skyld, nokre ville ha aksjeteikning, og nokre ville ha like andelar.
- Etter ein lengre diskusjon vart det siste alternativet vedteke.
- Det vart deretter vedteke at kvar medlem skulle betale 10 kroner per år i tre år.
- Resten skulle finansierast med lån.
- Vi ser at 47 medlemmar har betalt 10 kroner kvar.

Gjenvinst og Tabskonto

13/12/16 - til 31/12/17 -

Des 31	1917.	Kg	Kr	øre	Kr	øre
" "	Lagets medlemmer malt	36449	1380	89		
" "	Utanom laget - " -	46077	2200	61		
" "	Per ubetalt skatte Restance	2855	124	59		
	Medlemmer malt 100 i underspis	⁸⁵³⁸¹ 364	49			
	Cylinder og Parafinolja				2450	49
	Lønninger				1050	08
	Renter				271	85
	Brandkontigent				219	03
	Renter til Møllefondet				63	81
	Utbetalt til medlemmer					
	6.7% per tilsvart Penger og arbeid				364	49
	Utbetalt Regninger				566	18
	Per lager Cylinderolja		512	64		
	Loepl 5 ledige fat		40	00		
	Per lager 4 Fat Parafin		259	75		
	Medlemmer tilgode for 150 og 1000					150.00
	Underbalance		252	96		
		<u>85381 Kg</u>	<u>5135</u>	<u>93</u>	<u>5135</u>	<u>93</u>

- I rekneskapen for 1917 ser vi at laget sine medlemmer fekk malt 36.449 kilo korn.
- Bønder utanom laget fekk malt 46.077 kilo korn (bønder frå Sandsøya som ikkje var medlemmer samt bønder frå kringliggande bygder).




9-10 PERSONAR, BYTARBEID*

- 1 SENDE FRAM KORN BAND
- 1 LØYSTE OPP KORN BANDA
- 1 MATA TRUSKEMASKINA "FAR"
- 1 KARA TRÅ MASKINA
- 3 RISTAR
- 1 TAKE MOT HALMEN PÅ HOVSTALET
- HER VAR VI BOKNA MED.
- 1 TOR Å STYRE MOTOREN


SIGD.

- Ingvald Bringsvor har laga ei skisse av slik han hugsar treskinga på heimegarden.
- Folket på gardane hjelpte kvarandre - eigde gjerne ristar i lag. Somme tok seg arbeid med tresking og for frå gard til gard.
- Kort forklart er treskinga å skilje kornet frå akset.
- Kornet skulle leverast for maling til mjøl.




- 9-10 PERSONAR, "BYTARBEID"
- 1 SENDE FRAM KORN BAND
 - 1 LØVSTE OPP KORN BAND
 - 1 MATTE TRUSKEMASKINA "TAR"
 - 1 HARA FRÅ MASKINA
 - 3 RISTAR
 - 1 TARE MOT HALMEN PÅ NOYSTALET
 - HER VUR VI BOKNA MED
 - 1 TOR Å STYRE MOTOREN

- Aksa (halmen) vart brukte til fór eller blanda med jord og gjødsel og brukt til jordforbedring.
- Halm vart også brukt som madrassar i sengane.
- Det seiest at halm som er behandla med skjedde vert ekstra fin sengehalm.



- Her har Ingvald Bringsvor laga ei skisse av Mølla.
- Vi ser at det er tillkomst både med hest og kjerre og med båt.

SANDSØY MØLLE



- | | | | |
|--------------------------|------------------------------|------------------------|-----------------------------|
| 1. Mottekne kornsekkar. | 4. Törking, fyring torv-kol. | 7. Transport og Teina. | 10. Stille av Kvernsteinen. |
| 2. Veging av sekkane. | 5. Transport til avkjöling. | 8. Kverna for maling. | 11. Olje Motoren. |
| 3. Oppheising til Törka. | 6. Dryftemaskin. | 9. Melet må maleren | 12. Alle tilkoblingar var |
| gjenem luke i golvet. | | kontrulere. | for reindrift, mellemaksel. |

Sandshavn den 19^{de} No 00603

Herr *A. K. Skare*

indleveret til Sands

til formaling:

3	stk. sække	186	kg. Havre
"	—	"	Byg
"	—	"	Hvete
"	—	"	Rug

241. Skare

Sandshavn den 19 No 00613

Herr *Askjel Skare*

indleveret til Sandsøy Mølle

til formaling:

5	stk. sække	246	kg. Havre à	6	kr.	14 40
"	—	"	Byg -	"	"	
"	—	"	Hvete -	"	"	
"	—	"	Rug -	"	"	

Tils. kr.

Bevoll
D. Skare
Møller.

- Prisen for å få male korn til mjøl varierte frå 3,5 øre per kilo i starten til 15 øre under krigen i 1943.
- I eksempla her har Askjel Skare betalt 6 øre og 8 øre per kilo for maling av havre.
- For at kornet skulle bli tørka, måtte kvart medlem levere tre sekkar torv til tørkinga.



- Ei tid henta Alfred Bringsvor korn frå Stadtlandet og frakta mjøl tilbake.
- Han brukte ein storfæring han hadde sett motor i og bygd eit lite overbygg på frame.
- Båten heitte Grønen.

Møllarane:

Johan Strømsnes	1917
Adolf Varholm	1917
Alf J Støle	1917
Olai Olsen Vorren	1919 - 1929
Ditlef Bringsvor	1922
Sigvart Bringsvor	1920 - 1924
Bjarne Våge	1932 – 1941
Einar Vorren	1941 - 1947

Olai Olsen Vorren

Styret påla møllaren å nekte maling av korn til dei som ikkje hadde med torv til tørking.

Han har truleg vore litt «fleksibel» her, og vart seinare påmint at no måtte dette vedtaket handhevast.



Bjarne Isakson Våge

I 1931 var det problem med motoren, og det vart gjort vedtak om å kjøpe ny motor til 1.200 kroner.

Bjarne Våge fekk imidlertid forhandla fram ein avtale om å kjøpe ein brukt 35 HK motor i Ulsteinvik for 600 kroner.





- Slik såg mølla ut midt på 70-talet.
- Kornmalinga foregjekk I to periodar kvart år:
Mai – juni
November - januar



- Her ser vi ei lokal modell i mølla i 1976.
- Det er Sølvi “ut i Longenesa”.
- Ho sit på ein av møllesteinane.



- I 1936-37 vart det kjøpt inn ei siktemaskin. Vi ser denne til høgre i dette bildet.
- Dei mata maskina i andre høgda med ferdig malt mjøl.
- I første høgda var det fire uttak der det finaste mjølet kom ut i første uttaket, og i fjerde uttaket kom skalet (sådene) som vart brukt til dyrefor.



- Her er møllesteinen.
- Vi ser rattet for å stille avstanden mellom steinane.
- Til tettare steinane låg, til finare vart kornet malt.



- Motor-rommet.
- Herfrå gjekk det lange reimar som dreiv alt av maskineri.



- Tørkeplata.
- Ein roterande «kniv» rørte i kornet på plata.
- Under plata var det fyrt med torv og kol.



- Her er restane av siktemaskina.



- Murane er av god kvalitet og står i 100 år til.
- Kanskje skulle vi rydde tomta og henge opp historia i kortversjon på muren.

- Siste styremøte i Sandsøy Mølle er i styreprotokollen datert 21. desember 1946.
- Mindre dyrking pga. billigare import.
- Råoljemotor dyr som drivkraft.
- Statens kornforretning og Møre og Romsdal Møllenemnd konstaterer høfleg at Sandsøy Mølle bør leggest ned.
- Norge er på full fart inn i ei ny tid.
- Ein epoke i landbruket og i folk sitt levesett er over!

